



Foto: Per Eide



DISTRIKTSKONFERANSEN 2024

Quality Hotel Ulstein, Ulsteinvik

27.-29. september 2024

Kjære Rotaryvener



Snart startar eit nytt Rotary-år med RI sitt aller siste årstema:

THE MAGIC OF ROTARY


For meg handlar Rotarymagien om vennskap og respekt på tvers av fylkesgrenser, landegrenser, etnisitet og ikkje minst alder. Vi Rotarianarar er opptatt av dei same verdiane uansett kvar i landet eller i verda vi bur. Det handlar om å møtast på ein konferanse, og vite at alle til stade er venar, og nokre av dei får eg høve til å bli kjend med i dag. Det handlar om å arbeide side om side for å rydde ei strand, eller for å lage ein hage eller ein sti for eit lokalsamfunn som manglar dette.

Det handlar om å samle inn pengar til Polio+ slik at dine og mine borneborn blir sparte for denne fryktelege sjukdommen. Det handlar om å gi ein hundrelapp i månaden slik at folk som opplever katastrofer kan få rask hjelp. Det handlar om fellesskap, latter, samhald og kaffipausar med gode samtalar.

Eg finn Rotarymagien på alle nivå: på klubbnivå når vi har foredrag som verkeleg er verdt tida mi, på distriktsnivå når vi møtast til distriktskonferanse og samlingar og på internasjonalt nivå. Eg lærer noko nytt om og av Rotary kvar einaste dag. Det synest eg er magisk.

Distriktskonferansen er Rotaryåret sitt faglege og sosiale høgdepunkt og er ein arena for nettverksbygging, erfaringsutveksling og utvikling av kameratskap. Eg vil i år vektlegge følgjande tematikk:

ROTARYS STRATEGISKE PLAN - ACTION PLAN



Alt godt!

Lidun Hareide
Distriktsguvernør 2024 – 2025

VELKOMEN TIL ULSTEINVIK



Ulstein Rotaryklubb har gleda av å få invitere deg til Distriktskonferansen 2024 på Quality Hotel Ulstein i Ulsteinvik.

Ulstein Rotaryklubb, med sine 30 menn og 10 kvinner, er ein engasjert og aktiv rotaryklubb som legg stor vekt på medlemsrekruttering og å ta vare på dei medlemmane vi har gjennom spanande og variert program, sosiale arrangement og flotte lokale tiltak og prosjekt. Vi synes også det er stas å samarbeide med naboklubbane våre, enten det gjeld felles sosiale arrangement, program eller prosjekt.

Å få lov til å stille som arrangør av Distriktskonferansen 2024 for heile distriktet er eit ærefullt og eventyrleg oppdrag og vi vil gjere vårt beste for å levere eit variert kulturelt og fagleg program for å gjere dette til ei flott oppleving. I tillegg får vi vise fram bygdebyen Ulsteinvik og prosjekta våre som vi er veldig stolte av.



Alle er hjarteleg velkomne til vår heimebane!

Helsing,
Thor Martin Eidem
President Ulstein Rotaryklubb 2024-2025

Styret i Ulstein Rotaryklubb 2024-2025



FOREDRAGSHALDARAR



Loveleen Rihel Brenna er forfatter, ein prisvinnande foredragsholder, forretningsutviklar og grunnleggeren av Seema, senter for mangfoldsledelse. Med stort engasjement held ho foredrag om mangfald, leiingsutvikling og organisasjonsutvikling og inkludering. Loveleen leia det nasjonale Foreldrevalet for Grunnskuleopplæringa (FUG) frå 2004-2011, og det offentleg oppnevnte Brennautvalget som utreia pedagogisk tilbod til førskoleborn 2009-2010.

Trond Berg er opphavleg utdanna adjunkt og vart rektor på Sunnmøre Folkehøgskule i ein alder av berre 29 år. Han kan skilte med 25 år i leiarposisjonar med personalansvar og jobbar no som rektor på Ulstein Ungdomskule. Han er i tillegg leiar for KFUK/KFUM og har vore sentral i oppbygginga av Dimna IL som er moderklubben til Karsten Warholm, som styremedlem og pådrivar. Han brenn for at ungdommar skal ha gode møteplassar.



Anita Rekdal vart født i 1949 og fikk polio i 1950. Ho vart sendt til Bergen for behandling, og var der i første omgang ca 2 år uten familie. Ho gjekk på Aspøy skole, seinere på det ein kalte Nørvøy ungdomsskole, og så på Handelsskolen. Ho udanna seg innen reknekap, og har jobbet med det heilt til ho pensjonerte seg som 70 åring, «Jeg likte å gå i fjella den gangen beina var bra. Så ble jeg gift og fikk 2 flotte døtre. Har drevet med oppdrett av hund i mange år. Gikk lydighets konkurranser og litt utstilling. Hundelivet ble avsluttet når beina ble dårligere og jeg ikke kunne gå på turer. Nå er det katt og mye rullestol” seier Anita Rekdal.

Vigdis Osbak er pensjonert oberstløytnant, politiker og distriktsguvernør i distrikt 2305 i 2019 – 2020. Ho har vore medlem i Roatary sidan 1999 og har hatt over gjennomsnittet mange engasjement i klubb og distrikt sidan oppstart. I dag er ho leiar for distriktet sin TRF-komité på tredje året, samt president i Alvarheim Rotaryklubb.



Sissel Berit Hoell jobbar per dato som avdelingsleiar i NAV Skien. I Rotary er ho i dag leiar for det nasjonale Mobile Emergency Clinic (MEC), der alle Rotarydistrikt i Norge har gått saman om å skaffe flest moglege mobile klinikkar til fronten i Ukraina. Ho vart medlem i Langesund Rotaryklubb i 2008 og var distriktsguvernør i distrikt 2290 i 2021-2022.

Jan Thormodsæter er dagleg leiar i MAFOSS og senior rådgjevar i Ålesund Kunnskapspark (ÅKP AS). Han er ein erfaren leiartrenar innan reiselivsbransjen og den maritime industrien. Han kan i tillegg skilte med kompetanse innan salg, pedagogisk rådgivning, strategiske prosesser og planlegging, teambuilding, politisk påvirkning, konsertproduksjon og event- & turnéledelse. Han er også ein habil musikar.



PROGRAM

Fredag 27.09.24

15.00–20.00 **Registrering.**

19.00–21.30 **Middag** for gjestar og tilreisande konferansedeltakarar (må bestillast separat).

Laurdag 28.09.24

08:00 – 08:45 **Registrering**

Rotary-torget åpnar

Lotterisalg heile dagen til inntekt for PolioPlus

09:00 – 09:30 **Opning av konferansen**

- Velkommen ved DG Lidun Hareide
- Opning av konferansen ved ordførar i Ulstein kommune
- Helsing frå president i Ulstein Rotaryklubb, Thor Martin Eidem

09:30 – 10:00 **Årets Rotarytema:** Rotarymagien og Action Plan ved DG Lidun Hareide

10:00 – 10:30 **Pause.** Quality Break - buffé med frukt, grønnsaker, kaffe, kaker, softis og popcorn

Vennskapets Hus/Rotarytorget er ope

10:30 – 11:00 Auke engasjementet: Trond Berg - Team Dimna IL

11:00 – 11:45 Nå ut til fleire: Mangfald Loveleen Rihel Brenna

12:00 – 13:00 **Lunsj**

13.00 – 13.15 **Kampen mot polio er ikkje over!**

13.15 – 13.35 **Å leve med polio.** Distriktstrenar Greta Herje intervjuar polioramma Anita Rekdal

13:40 – 14.20 **Auke innverknad:** Gjere godt i verda: Sissel Berit Hoell og Vigdis Osbak

14:20 – 15:00 **Pause.** Quality Break - buffé med frukt, grønnsaker, kaffe, kaker, softis og popcorn

Vennskapets Hus/Rotarytorget er ope (avsluttast 15:00)

15:00 – 15:45 **Auke evna til endring:** Jan Thormodsæter

15:45
Avrunding av programmet innandørs ved DG Lidun Hareide

16:00 – 18:30 **Nå ut til fleire:** Ro for fred i Vikingskipet Embla. Frivillig donasjon til innsamlingsaksjon til Rotary sitt katastrofefond

16:15
Nå ut til fleire - Walk and Talk: Synleggjere Rotary

19:00 – 19:30 DG på Island Jon Karl Olafsson spelar i foajeen. Aperitiff ved inngang til kultursal.

19:30 **Guvernørens bankett.** Antrekk: Mørk dress

PROGRAM

Søndag 29.09.24

- 08:30 **Opning av dagkonferansen**
- 08:30 – 08:40 Kunstnerisk innslag
- 08:40 – 09:10 **Medlemsverving:** Vi må spreie Rotarymagien!
- Rasmus Egeskov frå Rotary sitt Zürichkontor
 - Leiar for medlemskomiteen Oscar Høvik
 - Leiar for merkevarebyggingskomiteen Torunn Elle
- 09:10 – 09:25 **Utdeling av diplomar** til beste klubbar for Rotaryåret 2022-23 ved IPDG Anders Andersson
- 09:25 – 09:35 Velkommen til **Distriktskonferanse i 2025** ved DGE Morten Mo
- 09:35 – 09:40 **Kort presentasjon av DGN** Robert Voldnes
- 09:40 – 10:10 **Pause.** Quality Break - buffé med frukt, grønnsaker, kaffe, kaker, softis og popcorn
- 10:10 – 10:25 **Eit års ungdomsutveksling** ved komitéleiar for Ungdomsutveksling Elina Tomren
- 10:25 – 10:35 **Businessnettverk** ved Marit Liv Solbjørg Distriktsguvernør i distrikt 2260
- 10:35 – 10:40 **Informasjon om foredrag om sjølv mordførebygging** ved Therese Hvattum
- 10:40 – 10:50 Kunngjering av vinnarar av lotteriet
- 10:50 – 10:55 **Rotary Norden** ved redaktør Ottar Julsrud
- 10:55 – 11:05 **Refleksjonar over konferansen ved RI Presidentens representant** Suzann Stenberg, sonen sin representant i RI-styret og DG
- 11:05 – 13:00 **Partnerprogram 11:00-13:00**
- Roing av vikingskipet Embla, som ligg rett utanfor hotellet
 - Besøk på kunstgalleriet Bjørndals Minne - kunstutstilling av Håvard Vikhagen
- 11:00 – 12:00 **Årsmøte** for distrikt 2305. Saksdokument er sendt til klubbane sin president og sekretær
- 12:00 – 13:00 **Presidentforum** for våre åtte AG-område.
- 13:00 Lunsj (for dei som har bestilt) og heimreise

VEL HEIM

Her kan de laste opp praktisk informasjon knytt til konferansen:



DK 2024 - Praktisk info



Velkomen til distriktskonferansen på **Quality Hotel™ Ulstein** 27.-29. September 2024



Quality Hotel Ulstein ligg vakkert til ved sjøkanten i Ulsteinvik, og vi gjer alt for at du som vår gjest skal fylle på med gode opplevingar i lag med familie, venner eller gode kolleger. Hotellet har 123 komfortable hotellrom og 3 flotte, store suiter med havutsikt. Konferanse, møter og events – vi er fleksible og tek hand om alt!

Frisk sjøluft gir god matlyst, og i vår flotte **Pir Bar & Restaurant** kan våre gjestar nyte deilig mat og drikke med sjøutsikt.

Hjarteleg velkomne til oss!

Adresse: Sjøgata 10, 6065 ULSTEINVIK
[Hotell Ulsteinvik](#) | [Quality Hotel Ulstein](#) | [Strawberry](#)

Sjå meir om hotellet og Ulsteinvik her: <https://www.youtube.com/watch?v=80tg-1FueU0>